



Saksbehandlar: Filippo Ballarin

Kommunedirektør: Filippo Ballarin

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kommunestyre	
066/24	Formannskap	15.10.2024

## Skakke SA - Konklusjon av forhandlingane

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etne kommune aksepterer tilbodet frå Sparebankstiftinga Etne, men ettergjev aksjane sine (7,2 %) til Etne Idrettslag.

#### *Saksutgreiing*

#### *Samandrag*

Denne saka følgjer opp tidlegare politisk behandling og oppsummerer forhandlingane om framtida til Skakke SA etter det siste kommunestyrevedtaket.

#### *Bakgrunn for saka*

Vedtaket frå aprilmøtet (30/24) har gitt både signal og føringar til forhandlingsutvalet. Vedtaket lyder som følgjer:

*Generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Etne har sendt signal om tildeling av midlar til sletting av restgeld som Etne kommune garanterar for, og har pant i Skakke SA. Som følgje av dette må vedtak i K-sak 06/24 justerast noko.*

*Forhandlingsutval oppnemnd i sak 06/24 forset arbeidet med å få fram ei varig løysing for Sakke senter for skule-idrett-kultur etter dei føresetnadene lagt i vedtaket. Utvalet får mynde til å reforhandla vedtektsendringar dersom det totalt sett er gagnleg for Etnesamfunnet.*

*Etne kommune treng i tillegg dokumentasjon på følgjande før avtalar kan inngåast:*

1. Tilbakemelding frå eigarmøte i Skakke at dette er ønskja løysing.
2. Tilgang, opningstider og bruk av Skakkesenteret sikrast til minst slik som det er i dag.
3. Ny leigeavtale må garantere føreseielege og stabile utgifter for Etne kommune.
4. Vedtekten til Sameige Skakke må justerast slik at kommunen berre dekker utgifter tilsvarende kommunen sin eigardel.
5. Vedtak/Garanti frå Sparebankstiftinga Etne må føreligga før Etne kommune kan gjera vedtak om bortfall av garanti og pant i Skakke SA si gjeld.

#### *Saks- og faktaopplysningar*

Etter vedtaket frå kommunestyret har Sparebankstiftinga Etne (SE) sendt eit notat den 13. mai (vedlegg 1), der krava for å motta midlane er presisert. Notatet og kommunestyrevedtaket har blitt diskutert i forhandlingsutvalet og mellom SE og Etne kommune (EK) gjennom fleire møter.

-Punkt 2 var partane einige om.

- Punkt 3 var partane også einige om, men SE kravde eit tilskot frå EK for å dekke høgare driftsutgifter (om lag 570 000 kr). EK var einige om å dekke dette, føresette reell fordeling av sameigeutgiftene.
- Punkt 4 var ein naturleg del av den nye seksjoneringa etter kjøpet av idrettshallen frå SE.
- Punkt 5 blei etterspurt, men EK fekk aldri respons på dette.
- Punkt 1 var det mest diskuterte punktet, då SE kravde å erstatte EK på eigarsida (ut i frå notatet og diskusjonen i forhandlingane). EK måtte held seg til vedtaket i kommunestyret som kravde tilbakemelding frå eigarane. Dette førte til at det blei halde både eit eigarmøte og eit ekstraordinært årsmøte i Skakke SA (29/05). Det kom tydeleg fram i eigarmøtet at eigarane ynskjer at Etne kommune skal fortsette som ein stor og relevant eigar i det framtidige Skakke.

Det ekstraordinære årsmøtet hadde klare bestillingar til begge partane (vedlegg 2):

*Årsmøtet er takksame og stiller seg positive til Sparebankens initiativ. Sparebankstiftelsen forslag ventast med inntil eigar- og driftsmodell mv. er utgreidd – blant anna:*

*1-Årsmøtet ber styret i Skakke SA gjennomføre ein uavhengig stresstest av økonomien, og ei uavhengig verdivurdering av idrettshallen med ulike prismodellar.*

*2-Årsmøtet ber Etne kommune og Sparebankstiftinga / eigedomstiftinga å leggje fram eit forslag for kor stor % andel dei ser for seg å eige.*

*3-Årsmøtet ber Sparebankstiftinga å leggje fram forslag til nye vedtekter for det nye selskapet (Skakke SA) samd føresetnader for vidare drift.*

*4-Årsmøtet ber kommunen om å ta kontakt med departementet for avklaring av rettsleg disponering av hallen rørande spelemiddel.*

*Årsmøtet ber om at prosessen går utan opphald. Eigarlaget ber om å blir helde kontinuerleg orientert, og at det innkallast til eigarmøte medio september 2024 eller tidlegare om det blir behov for det. Då ber ein også om at representant frå Sparebankstiftinga blir kalla inn.*

Etne kommune peika raskt på at prosentandelen ikkje hadde mykje å seie før vi fekk sjå vedtekten og korleis selskapet skulle fungere. Dette fordi selskapsforma, vektinga av stemmer og eventuelle aksjeklasser har mykje meir å seie for drifta enn sjølv aksjeandelen. For eksempel foreslo EK ein modell med aksjeklasse, men forslaget blei raskt avslått av SE.

EK tok kontakt med departementet for å avklare punkt 4. Det kom raskt fram at Eiendomstiftinga Etne (som skulle formelt kjøpe idrettshallen) ikkje tilfredsstiller krava for å vere søknadsberettigata til spelemidlar (vedlegg 3). Dette brevet endra føresetnadene for forhandlingane (02/07). I eit møte (03/07) mellom dagleg leiar i SE, kommunedirektør og styreleiar i Skakke SA, blei alle partar einige om å ta kontakt med ein advokat frå Eurojuris som tidlegare hadde jobba med spelemidlar (anbefalt av dagleg leiar i SE). Notatet frå advokaten er vedlagt (vedlegg 4).

Prosessen tok ein liten pause under sommarferien, men 31. juli mottok kommunen og Skakke SA eit oppfølgingsnotat frå advokaten Vestly (som representerer SE), der det blei signalisert ei betydeleg endring i krava for tildelinga av midlar til Skakke SA (vedlegg 5). SE kravde å omdanne selskapet frå SA til AS, og det var fortsatt tidleg at EK sin eigarandel måtte reduserast betrakteleg.

Notatet frå advokaten Vestly blei sendt vidare til advokaten til Skakke SA for ei ny vurdering. Notatet frå Eurojuris er vedlagt (vedlegg 6). Det var svært nyttig, då det viste til dei konkrete problemstillingane, tidsplanen og krava til omdanningsprosessen.

Notatet frå Sturla blei også sendt til departementet for vurdering, men svaret kom lenge etter at

prosessen hadde gått vidare (sjå vedlegg 7 og 8). For å samle meir informasjon tok kommunedirektøren direkte kontakt med saksbehandlaren i departementet. Oppsummeringa av samtalen og konklusjonen blei sendt til styreleiaren i Skakke SA og vidaresendt til SE (vedlegg 9). Svaret frå SE er også vedlagt (vedlegg 10) og var negativt til kontakten kommunen hadde tatt med departementet, som likevel var ei direkte bestilling frå årsmøtet i Skakke SA.

Det som uansett kjem fram frå advokaten til Skakke SA og frå departementet, er at alle former for omdanning må godkjennast av departementet, og at over 50 % av aksjane må eigast av ein organisasjon som er berettiga til å motta spelemidlar (kommune/idrettslag).

Etter dette starta SE eit nytt initiativ med mål om å sende ei dispensasjonssøknad til departementet for å sjekke moglegheita for å overta EK sine aksjar utan å betale tilbake spelemidlar.

Eit nytt styremøte i Skakke blei halde (22/08), der behovet for ein plan B kom fram i tilfelle søknaden tok for lang tid, og departementet stilte seg negativt til initiativet (vedlegg 11). Skakke SA leverte også ein stresstest av økonomien til Skakke etter gjeldsslettinga (vedlegg 12).

SE sende eit utkast til vedtekten den 12/09 (vedlegg 13), og Etne kommune etterspurde korleis aksjeboka skulle sjå ut (basert på føresetnadene til SE og utkastet til vedtekten), samt status på plan B (vedlegg 14). Svaret vi fekk peikte på eit komande styremøte i SE for å avklare desse punkta og vegen vidare.

17/09, etter styremøtet i SE, mottok vi siste tilbod frå advokaten Vestly (vedlegg 15). Presiseringa (vedlegg 16) kom dagen etter. Dette er krava frå SE:

- *Skattefri omdanning fra SA til ideelt AS (ivaretas av Skakke SA og prosessen må startes nokså snart)*
- *Reduksjon av kommunens eierandel fra ca.62% (i nytt AS) til ca. 7% (gjennom egen avtale mellom kommunen, SE/EE og ny aktør)*
- *Overføring av 11% til ny aktør som oppfyller krav til spillemiddelberettigelse (skjer etter omdanning og i samsvar med avtale)*
- *Overføring av om lag 44% til SE (skjer etter omdanning og i samsvar med avtale)*
- *Kommunen ettergir lån i forkant av skattefri omdanning for å medvirke til positiv EK i Skakke SA (skjer umiddelbart etter at årsmøtet i Skakke SA har godkjent plan for skattefri omdanning)*
- *SE/EE gir første del av gave som bringer EK fra negativ til positiv (skjer samtidig med kommunens gjeldsetergivelse)*

Dette er aksjefordeling etter omdanning:

Eier	Omsetning siste 5 år	Ny eierpost i %	Merknad
Etne kommune	1363308	61,350	
Etne IL	730946	32,893	
Etne Bondelag	898	0,040	
UL Fram	15077	0,678	
Etne AP	541	0,024	
Etne Lions	227	0,010	
Etne skulekorps	610	0,027	
Etne H	0	0	Blir ikke med videre som eier
Coop Extra	25599	1,151	
Etne Jeger & Fisk	1016	0,045	
Etne Mållag	0	0	Blir ikke med videre som eier
Sparebanken Vest	69510	3,128	
<b>Etne musikklag</b>	<b>14428</b>	<b>0,649</b>	
<b>Sum</b>	<b>2222160</b>	<b>99,995</b>	<b>Desimalavrundet</b>

Dette er aksjefordeling etter EK sine aksjer er fordelt:

Eier	Omsetning siste 5 år	Ny eierpost i %	Merknad
Etne kommune	1363308	7,217%	Kommunen overdrar 30/34 av sine aksjer til SE etter at skattefri omdanning er gjennomført, og sitter igjen med 7,217%
Sparebankstiftinga Etne		43,132%	SE mottar aksjer fra kommunen tilsvarende 43,132%
Ny aktør		11%	Ny eier som mottar aksjer fra kommunen tilsvarende 11%
Etne IL	730946	32,893	
Etne Bondelag	898	0,040	
UL Fram	15077	0,678	
Etne AP	541	0,024	
Etne Lions	227	0,010	
Etne skulekorps	610	0,027	
Coop Extra	25599	1,151	
Etne Jeger og Fisk	1016	0,045	
Sparebanken Vest	69510	3,128	

Det som også kjem fram i e-posten, er ynskjet frå SE om å trekke seg ut av selskapet etter nokre år, samt behovet for å leite etter ein ny aktør som er spelemiddelberettiga og som er interessert i å være med på eigarsida. Desse to punkta er framleis uavklarte, men Karateklubben og Skyttarlaga har blitt nemnd som mogleg alternative.

Etter e-posten frå Vestly tok kommunedirektøren initiativ til å diskutere aksjefordelinga etter omdanning, men initiativet blei raskt avslått (sjå vedlegg 17):

*«Så har SE i flere møter gitt tydelig uttrykk for hvordan man ser på denne saken. Blant annet har man tydelig signalisert at det ikke er ønskelig med fortsatt kommunalt eierskap av noen størrelse, en profesionalisering av styret, omdanning m.v. SE sitt syn på at man mener at kommunens*

*eierandel må reduseres med 30/34 har vært på bordet i lang tid, og det er ikke noe i saken som tilsier et annet syn på dette. Her står SE fast, og det er sånn sett ikke noe som er gjenstand for forhandlinger. Om kommunen ikke ønsker å være med på denne løsningen er det selvsagt opp til kommunen å finne alternative løsninger som eventuelt er mer i kommunens interesse.»*

Styret i Skakke kalla inn til eit eigarmøte 25. september, der også SE var invitert for å presentere sitt tilbod (vedlegg 18). Tilboden blei diskutert blant eigarane, og Etne kommune har signalisert sitt ynskje om å få tilbakemelding frå dei andre eigarane. Eigarane blei også utfordra til å avhalde eit ekstraordinært årsmøte før kommunestyret 29. oktober. Styret i Skakke SA kjem til å kalle inn til eit ekstraordinært årsmøte for å stemme over forslaget frå SE rett etter kommunestyret.

Etne kommune har derfor no tre alternativ:

#### **Alternativ 1**

Etne kommune aksepterer tilboden frå SE slik det ligg føre.

#### **Alternativ 2**

Etne kommune aksepterer tilboden, men ettergjev aksjane sine (7,2 %) til Etne Idrettslag.

#### **Alternativ 3**

Etne kommune avslår tilboden.

Om kommunestyret går for alternativ 1 eller 2, må EK inngå ein intensjonsavtale med SE der kapitaltilførselen til Skakke SA er direkte knytt til vederlagsfri ettergiving av aksjane i henhold til utkastet frå SE. Dette står kommunen fritt til å avtale (vedlegg 19). Her frå advokaten til EK, Filip Truyen:

*«Etter vår vurdering bør dette åpne for at Etne kommune kan slutte seg til en modell som nevnt ovenfor, dersom kommunens beslutrende organer finner dette hensiktsmessig. En vederlagsfri overdragelse av aksjene i Sakke AS vil ikke være en gave fra kommunen, så lenge dette er en del av en samlet løsning hvor kommunen i forkant har forpliktet seg til dette. Kommunens oppgivelse av eierskapet er gjensidig forpliktet med at SE tilfører kr. 30 millioner. Vurderingen blir den samme enten overdragelsen av aksjene fa kommunen er vederlagsfri, eller om det betales en symbolsk kjøpesum.»*

#### **Vurdering**

Saken blei presentert for formannskapet og kommunestyret i februar i år, etter bestilling i budsjettbehandlinga. Den økonomiske situasjonen har vore krevjande for Skakke i mange år, og behovet for ei langiktig og varig løysing har aldri vore større. Premissane for kommunedirektøren, Etne-samfunnet og Etne kommune er at Skakkesenteret er eit utruleg viktig kultur- og idrettstilbod i Etne kommune. Vårt hovudfokus er at Skakkesenteret skal vere eit godt kultur- og idrettstilbod til innbyggjarane i Etne, tilgjengeleg for lokalsamfunnet i overskueleg framtid.

Utgangspunktet for saka har vore å finne ei god og varig løysing for Skakke, samtidig som vi ivaretok den juridiske og økonomiske rollen til kommunen som ansvarleg eigar.

Kommunedirektøren har vært involvert i prosessen frå tidleg av, både i første fase (før tilboden frå SE) og i forhandlingane med SE. Vurderinga er derfor prega av all informasjon og innsikt i saka som kjem frå desse møta og dokumenta. Forhandlingsutvalet har også diskutert og debattert alle scenario og alternative, og dei alternativa som her er presentert, reflekterer innspela frå utvalet.

Jobben til kommunedirektøren er å vurdere kva som er det beste alternativet for kommunen ut frå det politiske vedtaket som gjeld i denne saka. For å gjennomføre ei analyse av denne saka, vurdere alternativa og kome til ei konklusjon, har kommunedirektøren derfor brukt desse spørsmåla til å

hjelpe seg i dette arbeidet:

- Kva er det politiske vedtaket i denne saka?
- Kva er den beste langsigtige løysinga for innbyggjarane i kommunen?
- Kva er den beste langsigtige løysinga for Etne kommune som eigar?

### Kommunedirektøren sin konklusjon

Vedtaket peikte tidleg ut behovet for involvering av andre eigarar. I denne dialogen kom det fram eit ynskje om å ha Etne kommune vidare i si rolle som ein stor og ansvarleg eigar til kulturhuset vårt. Dette ynskjet er ikkje ivaretatt i SE sitt tilbod.

Den beste løysinga for innbyggjarane i kommunen, etter mi vurdering, er at vi klarer å garantere kontinuitet i drifta og ein langsigtig berekraftig modell som kjem alle innbyggjarane til gode. Dette er ivaretatt i tilboden, men det er framleis ein del usikkerheit rundt langsigtige planar.

Den beste løysinga for kommunen som eigar er å ivareta sine investeringar og sitt eigarskap i alle selskap vi eig. Dette betyr at kommunen må velje om eigarskapet skal vere symbolsk eller strategisk. Med tanke på kor viktig og sentralt Skakke er for alt kommunen arbeider med (skule, idrett, bibliotek, kultur, planarbeid, folkehelse, attraktivitet osv.), og kor mykje pengar kommunen har investert i dette bygget, er det naturleg at Etne kommune har ei aktiv og viktig rolle i framtidig Skakke. Dette er ikkje ivaretatt i tilboden, då ein 7 % eigapost er kun ein symbolsk eigapost.

Med bakgrunn i denne vurderinga er kommunedirektør sin konklusjon at Etne kommune bør akseptere tilboden, men samtidig ettergi sine aksjar til EIL. Denne konklusjonen er motivert av tre faktorar:

- Det er viktig at vi klarer å lande ei god og langsigtig løysing. Dette er per i dag det beste alternativet vi har.
- Det er utruleg viktig at vi garanterer kontinuitet i drifta, og gitt dagens økonomiske og likviditetssituasjon i Skakke, haster det å lande ei løysing. Dette betyr at Etne kommune må facilitere omdanningsprosessen og gjere alt vi kan for å gi gode rammevilkår til dei tilsette og til brukarane av Skakke.
- Det er også veldig tydeleg at viljen til dei andre eigarane og vedtaket frå kommunestyret ikkje er ivaretatt ved å akseptere tilboden slik det ligg føre. Ved å akseptere dette tilboden, vil dei andre eigarane ende opp i ei posisjon der dei gir Etne kommune ein symbolsk eigarandel i det nye Skakke. Dette går imot kommunestyret sitt vedtak og ynskje frå eigarane. Dette gjer det også vanskeleg å forutsetje kva dei andre eigarane meiner om tilboden. Vi har likevel utfordra alle eigarane til å kome med tilbakemelding før neste kommunestyremøte. Frå eit strategisk perspektiv er det heller ingen forskjell mellom å eie 7 % eller 0, gitt det utkastet til vedtekten som er presentert av SE.

Det er også andre momenta som har påverka vurderinga til kommunedirektøren:

- **Manglande openheit og uavklarte roller:** Pressemeldinga blei aldri følgd opp av eit vedtak, slik som forhandlingsutvalet, kommunestyret og eigarane i Skakke etterspurde. Det siste kommunestyrevedtaket var veldig tydeleg på dette. Mange andre eigarar har også reagert på dette under fleire eigarmøte.

Kommunedirektøren (og ordføraren) har forhandla med dagleg leiar i SE, Rune Ramsvik, og advokaten Vestly, som i denne saka også har vore advokaten for Skakke SA (under mandatet frå dagleg leiar i Skakke) og advokaten for UL.

- **Uavklarte punkt i tilboden:** SE nemner at dei ynskjer å trekke seg ut frå eigarsida etter nokre år. Det er ikkje presisert korleis eller når dette skal skje. Dette gjer det vanskeleg å støtte fullt ut denne løysinga. Samtidig er det ikkje avklart kven som skal få 11 % av Etne kommune sine aksjar. I eigarmøtet blei vi opplyst om at ein aktuell aktør for dei 11 % er Etne karateklubb, der nestleiaaren

i styret også er styreleiar i SE. Det er vanskeleg for kommunedirektøren å anbefale kommunestyret å vere med vidare i eit selskap der kommunen skal gi 11 % av sine aksjar til ein ukjend aktør, og vi veit ikkje kven som blir største eigar etter nokre år.

- **Etne kommune sin rolle i Skakke:** SE har vore veldig klart frå starten: dei ønskjer ikkje at Etne kommune skal ha ei rolle i dette selskapet. Dette fordi Etne kommune er skulda for å ha drive Skakke SA inn i denne økonomiske situasjonen ved å bruke si majoritet i årsmøtet til å halde leigeprisen nede. Dette kom tidleg fram frå Sturla, i ei presentasjon SE lagde til styret i Skakke, samt i eit innlegg frå leiar av generalforsamlinga i SE i det siste eigarmøtet. Dette byggjer ikkje gode premissar for eit berekraftig samarbeid.

Dette er også langt frå sannheita. Etne kommune har alltid hatt 2 styremedlemmer (av 7) i styret til Skakke SA. Det finst ingen vedtak frå styret eller årsmøtet der kommunen har brukte si makt til å påverke leigeprisen. Etne kommune har eigentleg bidratt mykje til Skakke. Her er ei lita oversikt sidan 2012:

- Etne kommune har betalt i leige til Skakke SA 10,1 millionar.
- I Sameiget Skakke eig vi 2 seksjonar av 3, men arealmessig eig vi kun 1 av 3. Dette er eit resultat av forhandlingane med fylkeskommunen, men viser likevel betalingsviljen til EK. Etne kommune har betalt til Sameiget 7,3 millionar, og inkludert i dette har kommunen betalt for 4 millionar av eit areal kommunen ikkje eig.
- Etne kommune har også vore ein god kunde til Skakke og betalt 0,8 millionar i leige til enkelte arrangement.
- Etne kommune har betalt 7,7 millionar i tilskot til forskjellige føremål.
- Etne kommune har betalt rundt 2 millionar til investeringsprosjekt.
- Etne kommune har gitt eit rentefritt lån på 4 millionar.
- Etne kommune står også som garantist for lånet Skakke SA har hos Kommunalbanken. Garantien (og vilkåra i Kommunalbanken) bidreg også til å halde rentene nede, noko Skakke SA aldri hadde klart åleine på open marknad.

Det siste beiset på dette er saka administrasjonen la fram for kommunestyret, der EK viste vilje til å betale ned lånet til Skakke, mot meir kontroll av selskapet (og styret), akkurat som SE legg fram i sitt forslag.

### Konklusjonen

Konklusjonen til kommunedirektøren etter vurderinga hans er at, gitt kommunestyrevedtaket, premissane i saka og krava frå SE, skal EK akseptere tilbodet, men ettergi sine aksjar til EIL.

EK vil ikkje kome i ei posisjon der dei kan yte ei aktiv og strategisk rolle i selskapet, spesielt med tanke på premissane og krava frå SE. Det er vanskeleg for meg å forsvare å vere medeigar i eit selskap der SE må leite etter ein aktør som er spelemiddelberettiga blant idrettslag som aldri har hatt interesse eller roller i Skakke, i staden for å tilby aksjane til kommunen.

Kommunedirektøren meiner at tilbodet frå SE uansett er eit bra tilbod for kommunen, då det garanterer vidare drifta og kontinuitet i tenestene, samt gir betre økonomiske premissar til selskapet. Dette vil medføre at selskapet endeleg vil klare å skifte fokus vekk frå økonomien, og moglegvis forbetra tilbodet til kundar og innbyggjarar. Dette vil gi enorm meirverdi til Etne-samfunnet. Kommunedirektøren ønskjer også å applaudere SE for initiativet og ansvaret dei er villige til å ta på seg med dette oppkjøpet.

Kommunedirektøren ynskjer å støtte omdanningsprosessen for å garantere vidare drifta av selskapet og fasilitere prosessen dersom årsmøtet stiller seg positivt til dette.

### Risiko

Styreleiaaren i Skakke SA tok kontakt med SE og EK for å informere partane om den stramme likviditetssituasjonen i selskapet. Det har kome ei formell førespurnad om eit likviditetslån.

Dersom årsmøtet i Skakke stemmer for SE sitt forslag, vil det ikkje vere nødvendig med eit lån, og då kan SE overføre midlane til Skakke SA.

I tilfelle årsmøtet avslår tilbodet, vil det bli behov for å kalle inn til eit ekstraordinært kommunestyremøte for å behandle lånesøknaden og vegen vidare.

**Vedlegg:**

Vedlegg 1 - SE - Notat Skakke SA\_13.5.24

Vedlegg 2 - Ekstra Skakke SA 2024.05.29 - Referat

Vedlegg 3 - Vedrørande sal av spelemiddelfinansiert anlegg - Skakkesenteret fleir brukshall

Vedlegg 4 -Notat vedr spillemiddelfinansiert anlegg\_

Vedlegg 5 - Skakke SA - Notat fra Sturla 31 juli

Vedlegg 6 - Notat vedr Skakke SA - veien videre #D183060\_Eurojuris (002)

Vedlegg 7 - Tilskotsordninga\_sal\_av\_anlegg\_1572919\_1\_A\_2348633

Vedlegg 8 - Svar - kriteriar for søknadsføre aksjeselskap og samvirkeføretak - Skakke SA

Vedlegg 9 - Oppsummering av samtalen med departement

Vedlegg 10 - Svar fra Sturla

Vedlegg 11 - Referat styremøte i Skakke SA 22.08.24 (1)

Vedlegg 12 - Stresstest - Skakke SA - Juli 2024

Vedlegg 13 - Utkast til vedtekter (for nytt ideelt AS)\_12.9.2024

Vedlegg 14 - Etterspørsel av aksjeboka

Vedlegg 15 - SE tilbud

Vedlegg 16 - SE presisering

Vedlegg 17 - SE oppsummering - slutt av forhandlingane

Vedlegg 18 - Protokoll eigarmøte i Skakke SA 250924

Vedlegg 19 - 2024-10-02 Notat om eierskap i Skakke SA(19949673.1)